

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset, Postboks 2500
6404 MOLDE

Dykkar ref.

Vår ref.
22/00150-4

Sakshandsamar
Maiken Holst

Dato
29.06.2023

Ålesund og Sula kommunar - Overføring av nytt reinseanlegg på Kvasnes - Marinarkeologiske undersøkelser - Sluttbrev

Me viser til tidlegare korrespondanse i saka. Museet varsla krav om marinarkeologiske undersøkingar i fråsegn av 17.01.2023.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte i perioden 14.06.2023 - 23.06.2023 dei marinarkeologiske undersøkingane i tiltaksområdet. Undersøkingane var gjennomført med sidesøkande sonar, ROV og overflateforsynt dykking.

Konklusjonen frå undersøkingane er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14.

Vi har ellers ingen andre merknader til tiltaket.

Det er mogleg at det kan ligge kulturminne i dei aktuelle områda. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med helsing

Maiken Holst

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi:
Ålesund kommune, Terje Endersen
Asplan Viak AS, Anna Hellstrøm